

# Bergens Ligbrændingsforening og Bergens Museum



MARIE MOE MYKLEBUST

Fram til Muséclass 3 stengte for rehabilitering i 2013, var bysta av Daniel Cornelius Danielssen det første ein såg då ein kom inn dørene på museet. Denne bysta avbilda ikkje berre mannen som hadde vore direktør og preses på museet, men inneheldt også kremasjonsoska etter Danielssen. Då Danielssen døydde i 1894, var kremasjon, då kalla ligbrænding, ulovleg i Noreg. Før Lov om Ligbrænding vart innført 11 juni 1898, hadde likbrenning vore ulovleg i nesten 1000 år. På siste halvdel av 1800-talet vart den moderne likbrenninga utvikla og innført i fleire Europeiske land. Nasjonale og lokale foreiningar vart oppretta for å tale for innføring av likbrenning. Bergens Ligbrændingsforening vart oppretta i 1892, og skulle til slutt gi Bergen det første krematoriet i Noreg. Danielssen var ein av initiativtakarane til denne foreininga, og jobba mellom anna saman med Jørgen Brunchorst, Klaus Hanssen og Armauer Hansen for å innføre likbrenning som frivillig alternativ til jordgravlegging i Noreg. Kva handla denne rørsla om, og korleis var den til stades ved Bergens Museum?

«**Man begyndte tidlig med Ligbrænding [...]**»

Praksisen med å brenne døde kroppar går heilt tilbake til eldre bronsealder, og metoden eksisterte lenge saman med jordgravlegging. Ein kan finne spor etter likbrenningar mellom anna i det klassiske Hellas og den romerske republikk.<sup>1</sup> Ved innføringa av kristendommen vart likbrenning fordømt. Den kristne læra la mellom anna vekt på oppstandelsen, som vart forhindra om ein brann lekamen. I tillegg var eld tett assosiert med helvete og lidning. Den evige elden i helvete skulle straffe syndarar, og kyrkja brukte difor eld som straff når dei brente kjettarar og hekser. Karl den store innførte dødsstraff for likbrenning i 785. Gravfunn viser at likbrenning vart praktisert i Noreg til rundt 1000-talet, omkring då landet vart kristna.<sup>2</sup>

Desse tidlege likbrenningane vart utført på bål ute i friluft, noko som ikkje ga særleg høge temperaturar. Då likbrenninga kom tilbake på 1800-talet, hadde den teknologiske utviklinga gjort det mogeleg å konstruere omnar som kunne redusere ein kropp til oske meir effektivt. Likbrenninga kom dermed «tilbake» i svært endra form. På verdsutstillinga i Wien i 1873 presenterte Ludovico Brunetti ein omn som hadde redusert ein kropp på 45 kilo til 1,7 kilo oske.<sup>3</sup> Dei følgjande åra vart mellom anna The British Cremation Society grunnlagt, teknologien vart vidareutvikla, og interessa for saka spreidde seg over den vestlege verda. Land som Tyskland, Italia og England var tidleg ute med å tillate likbrenning. Likevel var saka svært omdiskutert, og med kampen for å innføre likbrenning følgde det ein stor debatt.

«**Ligbrænding er af Hygieniske hensyn bleven anbefalet [...]**»

Likbrenning vart først omtala i avisene i Bergen i 1874. Dette var i form av korte oppdateringar om lovendringar, foreiningar og krematorium i utlandet. Etter kvart kunne innbyggjarane i Bergen også lese svært detaljerte skildringar av likbrenningar som hadde funne stad, der heile prosessen var skildra, både før, under og etter brenninga. Likbrennings-saka var aktuell, og det var eit spørsmål ein måtte ta stilling til. Avisene i Bergen presenterte argument frå begge sider av saka, henta både frå norske og utanlandske aktørar.

Eit av dei viktigaste argumenta forkjemparane for likbrenning nytta, handla om hygiene og plassmangel. Dei forklarte at stor befolknings- og byvekst førte til at kyrkjegardane vart raskt fulle. I byane var kyrkjegardane sentralt plassert, og det kunne difor vere vanskeleg å utvide areal etter kvart som byane vart tettare busett. Forkjemparane peika på korleis

fulle kyrkjegardar ville gi negative konsekvensar for folkehelsa, ved å spreie smitte gjennom luft og grunnvatn.

*Derved opfyldtes Grundvandet med forraadnede Dele, som med dette ikke blot trængte ind i Brøndene paa selve Kirkegaarden, men ogsaa udbredte sig langt videre og inficerede især Blaagaards- og Rhabarberkvarteret, der ligger i nærheden af Kirkegaarden, og hvor der ogsaa jevnlig har hersket farlige epidemiske Sygdomme. Han [Dr. F. Levison] anførte et mærkeligt Sygdomstilfælde med en ung Pige, som ved at vande blomster paa Assi- stenskirkegaard havde nydt av Vandet fra en af Brøndene, og strax efter var bleven angrebet av Feber og Vildelse med Symptomer af Forgiftning.<sup>4</sup>*

Ved hjelp av den nyutvikla teknologien ville dei døde ta opp betydeleg mindre plass, i tillegg til at kroppane ikkje kunne utgjere nokon smittefare for dei levande. Likbrenning ville gi same resultatet som jordgravlegging, berre raskare og meir kontrollert.

Andre argument som vart vektlagt, var mellom anna økonomi. Forkjemparane påstod at likbrenning ville vere eit billigare alternativ til jordgravlegging, særleg over tid. Kostnaden for å oppføre ein omn ville til slutt lønne seg, då ein kunne brenne mange kroppar raskt. Og sidan urnene tok opp mindre plass, ville ein også spare pengar på gravplassareal. Forkjemparane argumenterte også for likbrenning ved å vise til estetikken og kjensla. Oska vart skildra som kvit og «rein», og prosessen vart omtala som rask samanlikna med den sakte nedbrytinga i grava. Dette skulle spele ei rolle for kjensla, fordi likbrenning skulle gi «ro i grava». Kroppen skulle ikkje bli rørt av makk og insekt, og urnegraver ville heller ikkje bli grave opp igjen for å bli brukt på nytt. Formannen i Bergens Ligbrændingsforening, Schak Bull, skildra bileta av kroppen i grava for å vekke avsky:

*Vore Grave er vistnok anlagte efter alle Hygieniske Forskrifter; men viss man kunde skue ind i en af dem – hvilket afskyeligt og i høieste Grad modbydeligt syn vilde man da ikke møde [...] tænk dig da bare, at dit Barn ligger derude paa Kirkegaarden under den vaade, kolde og mørke Jord [...] Du ved, du la ham saa varsomt ned i sin lille Kiste [...], Men saa kommer det stygge Regnet i den lange Nat og risler ned gennem Jorden, dybere og dybere, tilsidst møder det Kistelaaget; men det baner sig Vei mellem Sprækkerne og begynder sit: Dryp, Dryp ned paa de kjære Ansigtstræk, - Dryp, Dryp -, bestandig de*



**Daniel Cornelius Danielssen** (1815–1894) var både lege, naturforskar, politiskar og kulturpersonlegdom. I 1850 vart han direktør ved museet, og han var preses frå 1864 og fram til sin død. Danielssen spelte ei stor rolle i å få oppført museumsbygninga, og etablerte denne også som ein forskingsinstitusjon. Historia til Danielssen er spesiell, då han var den første nordmannen som vart sendt til Gøteborg då han døydd i 1894. Dette må ha gitt likbrenningsforeininga og rørsla mykje merksemd. Historia seier at båra til Danielssen vart føljt til Gøteborg av Armauer Hansen og Jørgen Brunchorst, som var nære Danielssen i både karriere og personleg liv.



**Jørgen Brunchorst** (1862–1917) var lenge medlem av styret i Bergens Ligbrændingsforening, i tillegg har han signert som vitne på to tilkjendegivingar. Han vart tilbydd konservatorstilling ved museet av D.C. Daniels- sen, arbeidde som botanikar, etablerte muséhagen, og vart preses i 1901. Brunchorst si halvsøster, Elise Dethloff (f. Stoltz), var utdanna lege og forska på tuberkulose saman med Klaus Hanssen på museet. Ein kan finne Elise, og fleire frå Stoltz familien, på tilkjen- degivingane.

*same ubarmhjertige Dryp, Dryp -, Freden er borte. Du kan intet forhindre, du kan ikkje mere skjerme ham.<sup>5</sup>*

Eit anna viktig argument handla om sjølvbestemming og modernitet. Individet sin rett til å bestemme over eigen kropp vart vektlagt. At likbrenning vart innført, ville heller ikkje skade dei som var imot det, men heller gi eit alternativ til dei som ønska det. Forkjemparane var også opptekne av at likbrenning representerte framsteg og modernitet. Dette var svært relevant i Noreg, då mange land allereie hadde innført likbrenning, mellom anna nabolanda Danmark og Sverige. Det vart også peika på at motstanden kom frå konservative delar av samfunnet, då spesielt grunna i religion.

Skildringa av denne sida av rørsla gjer det mogeleg å forstå kvifor denne saka appellerte til miljøet på og rundt Bergens Museum. Både Danielssen og Armauer Hansen var utdanna legar, og begge forska på ulike sjukdommar og korleis desse spreidde seg. Danielssen var i ein periode også medlem i Sunnheitskommisjonen i Bergen. Argumenta og diskusjonen rundt dei sanitære tilhøva må difor ha engasjert dei. Interesse for forskingsbasert kunnskap, framsteg og motstand mot konservatisme var nok nokre av faktorane som spelte ei rolle for kvifor mange frå museet og forskingsmiljøet var engasjert i rørsla. Det er likevel umogeleg å seie kva argument som var viktigast for dei ulike menneska, då det ikkje finst kjelder som fortel om dette.

#### «Mennesket skal blive til Jord igjen, ikke til Aske»

Der hovudargumentet til forkjemparane var hygiene, var religion viktigast for motstandarane. Ideen om likbrenning stridde mot kristen skikk og sedvane, og var ikkje forein- leg med den kristne liturgi eller biletspråk. Nokre av desse motstandarane argumenterte sterkt for at likbrenning stridde mot alt Bibelen seier om død, gravlegging og etterliv. Den største bekymringa var at eld ville øydelegge lekamen på ein slik måte at ein ikkje kunne stå opp att:

*Sammenligner man dette Ben med Kjærnen i en Træfrugt, saa ved man, at selv om Frugten bliver for- tæret, har man Haab om, at der af Kjærnen, naar den kommer uskadet i Jorden, voxer op et nyt Frugttræ af same Sort. Men bliver Kjærnen brændt til Aske, voxer der af den intet Træ igjen.<sup>6</sup>*

Andre erkjente at Bibelen ikkje eksplisitt fordømmer likbren- ning, men argumenterte for at det vart praktisk vanskeleg å gjennomføre. Biletspråket, talene og tradisjonane i grav-

leggingsseremoniane var etablert, og mange var bekymra for reformene som måtte gjerast for å tilpasse seremoniane, dersom likbrenning skulle bli lovleg.

Motstandarane var også opptekne av å svare på argumenta til forkjemparane. Dei ville mellom anna svare på kvifor innføring av likbrenning ikkje var nødvendig frå eit hygienisk standpunkt. Eksempel som klokkarboligar og prestegardar, som tradisjonelt låg ved gravplassar, vart brukt for å vise at folk ikkje vart sjuke av å bo nær ein gravplass. Likbrenning vart ofte karakterisert som ei altfor radikal løysing på eit problem som ikkje eksisterte. Motstandarane ville også rette merksemd mot dei skjulte kostnadane likbrenning ville medføre, til dømes frakt til og frå likbrenningsomnane og obduksjonskostnadar. Det ville bli dyrt å drifte, og difor ville prisen for å velje likbrenning vere høg. Dei ville også sjå estetikken frå den andre sida, ved å teikne bilete av liding og kroppen i flammene.

*I et Øieblik, efterat Kisten er bleven bragt ind i Brændingsrummet, falder den i Stykker tilligmed Ligtøyet og Liget ligger nøgent. Det vaagner nu tilsyneladende pludseligt til Liv, aabner Øinene og Munden, strækker Arme og Ben du og kommer straks under den heftige Syden i Konvulsioner, Strækninger, Krumninger o.s.v., som vexler hvert Øieblik, og som Øiet vender sig bort fra med Gru. De, som har seet et saadant Skuespil, forsikrer, at det er umuligt, at en, som har seet det en Gang, kan overgive sit Legeme eller en av sine Paarørendes og Venners Legeme til denne Brændingsproces.<sup>7</sup>*

I tillegg vart teknologien som truga med å «ta over», skildra som kald, ukjent og upersonleg. Eit anna argument motstandarane brukte, var bekymringa for at likbrenning ville gjere at ein ikkje lenger kunne ekshumere kroppar og bevise mistanke om mord. Forkjemparane ville krevje legeundersøking for likbrenning, for å sikre både at personen var død og ikkje hadde blitt drepen. Motstandarane meinte at ei enkel legeundersøking ikkje ville vere nok, mellom anna ved giftmord, der ein kjemikar måtte analysere prøver. Økonomi, kapasitet og avstandar ville gjere dette umogeleg, og ifølgje motstandarane var det difor uforvarsleg å brenne kroppar.

### «Indbydelse til Dannelse af en Ligbrændingsforening»

Norsk Ligbrændingsforening vart oppretta i Kristiania i 1889, med mål om «at udbrede Kjendskab til Ligbrænding og virke for dens Indførelse i Norge som en frivillig Sag, idet mulige Hindringer søges fjernede; at indrette en eller flere Ligbrændingsanstalter,

Denne innbydinga vart publisert i Bergensavisene januar 1892. Fleire personar frå museet hadde skrive under på innbydinga.

**Indbydelse**  
til  
**Dannelse af en Ligbrændingsforening.**

Føroviſede er, at Ligbrændingsſagen er hændt og omfattet med Interøſe inden vor By, opfordrer vi til Dannøſe af en Ligbrændingsforening med det Formaal at arbejde for Indførelſe af en valgt Ligbrænding og Opførelſe af en Ligbrændingsboor.

Alex. Alſeſ,	L. Ameln,
Kjøbmand.	Reſtorandirektor.
Coſtus A. Clander,	Chr. Bang,
Borgemeſter.	Formandſkabsſekretær.
Johan Br. H. D. C. Daniøſen,	S. Raſd,
Konſervator.	Overlæge.
D. W. Faſting,	A. Gjerdin,
Jægermeſt.	Læge.
A. het Gran,	Joachim Grieg,
Konful.	Læge.
G. A. Hanſen,	Klaus Hanſen,
Overlæge.	Læge.
A. Hølleſen,	J. Jørgenſ,
Bogholder.	Læge.
Joh. Jørdahl jr.,	Coſtus Johannesen,
Konful.	Kjøbmand.
De Joh. nneſen,	L. P. S.,
Kjøbmand.	Chr. Rjar,
Hailt Knøgen,	Krohn Bebelø,
Konful.	Læge.
Jr. v. b. Bippø,	Booſt, D. Bekje,
Støbtønduſter.	Læge.
Chr. Miſelſen,	Alb. H. Moln jr.,
Ekſtoreder.	Kjøbmand.
Joach. Mønsen,	Coſtus Mohr,
Overlæge.	Læge.
Jr. Nanneſtab,	J. Sandberg,
Kaptein.	Læge.
Jr. Schumann,	Jacob Thorſen,
Overlæge.	Konful.
E. Ulne,	Oluf W. Winzøard,
Redaktør.	Overlæge.

Litter til Tegning af Møblemer findſ ublaſt i Avisrepetititionerne, „Den gode Høſt“, Handelsſamfundet, Haandværkerforening, Kofaſkandler Ritners og Bogbandler F. Beyers, Et andgaden.





Hygieneargumentet kan ha engasjert lepraforskar Gerhard Armauer Hansen. Henta frå: <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-bros-05895.html>

**Gerhard Armauer Hansen** (1841–1912) var lege, og er i dag mest kjent som lepraforskar. Gjennom arbeidet på museet jobba han saman med mange andre som også var engasjert i likbrenningsrørsla. Då Armauer Hansen døydde i 1912, hadde Noreg både fått lov om ligbrænding, og eit eige krematorium. Han blei då kremert på Møllendal, og plassert i sokkelen på bysta av han i Muséhagen. Bror til Armauer Hansen, Klaus Hanssen (1844–1914), var også lege og politiker. I 1892 vart han teke inn i direksjonen på museet, og brørne delte vervet som preses etter Danielssen sin død. Hanssen satt i bystyret og formannskapet, og arbeidde for likbrenningssaka der. Han var personleg lege til Edvard Grieg, som også var medlem av foreininga og vart kremert då han døde.

saasnt de fornødne Midler kunne skaffes tilveie [...]».<sup>8</sup> I 1891 talte foreininga 177 medlem.

Eit innlegg i Bergens Aftenblad frå 1890 viser at Klaus Hanssen hadde teke opp spørsmålet om likbrenningsanstalt i bystyret. Både i 1891 og 1892 publiserte tidsskriftet *Naturen* – *Illustrert maanedsskrift for populær naturvidenskab*, utgitt av Bergens Museum, artiklar som talte for likbrenningssaka.<sup>9</sup> *Naturen* var redigert av Jørgen Brunchorst, og D.C. Daniels-sen og G.A. Hansen sat i redaksjonskomiteen. Dette viser engasjementet for likbrenningssaka også i Bergen. I januar 1892, mellom publikasjonen av dei to artiklane i *Naturen*, vart «*Indbydelse til Dannelse af en Ligbrændingsforening*» publisert i Bergens Aftenblad. Denne innbydinga er underteikna av 37 menn, mellom anna preses ved Bergens Museum D.C. Danielssen, borgermester Sofus Arctander, overlege Gerhard Armauer Hansen, seinare statsminister Christian Michelsen, og fleire legar, konsular, kjøpmenn og skipsmeklarar. Innbydinga lyder: «*Forvissede om, at Ligbrændingssagen er kjendt og omfattet med Interesse Inden vor By, opfordrer vi til Dannelse af en Ligbrændingsforening med det Formaal at arbejde for Indførelse af valgfri Ligbrænding og Opførelse af en Ligbrændingsovn.*»<sup>10</sup> Nokre veker seinare sette foreininga medlemskontingenten til 2 kr per år. Desse pengane skulle foreininga nytte i arbeidet med å informere om saka, og med å gjere likbrenning lovleg og tilgjengeleg. I april heldt foreininga konstituerande generalforsamling, leia av Jørgen Brunchorst. Der vart lover for foreininga vedtekne, og styret som vart valt, bestod av Schak Bull, Jørgen Brunchorst, Klaus Hanssen, konsul Albert Gran og fru Anna Steineger.

#### «Arbeide for valgfri Ligbrænding»

Styret melder om at foreininga held generalforsamling på museet. Foreininga hadde nok generalforsamlingane sine på museet fordi fleire medlemar og styremedlemar hadde museet som arbeidsplass og difor kunne bruke bygget. På den første ordinære generalforsamlinga vart det etablert at foreininga i Bergen og foreininga i Kristiania hadde ei viss arbeidsdeling. I Kristiania skulle foreininga fokusere på utarbeidinga av lovforslag, medan Bergen skulle «*bearbejde Opinionen til Gunst for reformen, dels ved at samle nye Medlemmer for Foreningen, dels og fornømmeligst ved gennem talrige Inserater og fremstillinger i Byens Dagblade af Ligbrændingens Fortrin at søge at vænne Folket i Almindelighed til Tanken og saaledes mod Ligbrænding, som endnu er fremberskende hos en større Del af befolkningen*».<sup>11</sup> Bergen skulle likevel hjelpe med lovgivinga der dei kunne, då både Danielssen og Brunchorst var politikarar og kunne tale for saka i stortinget.

Frå 1893 var alle innlegga som omhandla likbrenning i Bergens Aftenblad, signert med S.B, Schak Bull. Dette ga ein meir tydeleg avsendar og ei stemme foreininga kunne bruke til å tale saka si. Det første året hadde foreininga i Bergen 139 medlemar. Foreininga hadde også etablert eit alternativ som skulle sikre at dei som ønska likbrenning, skulle få høve til det, fram til Noreg vedtok lov og bygde omn. For 142 kroner kunne ein avtale å bli sendt til Gøteborg for å bli obdusert, få kroppen brent og få oska returnert til Norge. «Tilkjendegiving» var eit dokument ein kunne signere, saman med to vitne, som viste at ein ønska å bli brent.<sup>12</sup> Det einaste som er att i arkivet etter Bergens Ligbrændingsforening, er 59 tilkjendegivingar. Ved å organisere denne løysinga fungerte foreininga som eit slags gravferdsbyrå. Den første bergensaren som nytta seg av dette, var Daniel Cornelius Danielssen, som då var preses ved Bergens Museum. Foreininga reflekterte over Danielssen sin kremasjon i generalforsamlinga i 1895, og omtaler det som første gong dei så direkte kunne sjå frukta av si verksemd.<sup>13</sup>

### Lov om Ligbrænding

I 1898 vart Lov om Ligbrænding vedtatt. Etter at lova vart vedteken, vart ein kommentar frå Norsk Ligbrændingsforening publisert i mellom anna Bergens Aftenblad, der



Bergens Ligbrændingsforening haldt generalforsamlingar sine i museet.

Plassert – ved avsnittet 'Arbeide for valgfri Ligbrænding'.

Møllendal kapell vart bygd i 1874. I 1907 vart kremasjonsomnen plassert i kjellaren til denne bygninga.





# Tilkjendegivelse.

Jeg Undertegnede

*Daniel Armauer Hansen*

erklærer herved som min sidste Vilje, at mit Lig efter Døden skal underkastes Ligbrænding.

Bergen den

*27 april 1908*

Navn:

*D. Armauer Hansen*

Stilling:

*Læge*

Bopæl:

*Fovvalmenning 27*

At

*D. D. Armauer Hansen*

egenhændig

og i Besiddelse af sin fulde Aandskraft har underskrevet ovenstaaende Tilkjendegivelse attesteres herved.

Navn:

*Klaus Hanssen*

Bergen den

Navn:

*Maschinenj. Dake*

Stilling:

Stilling

Bopæl:

*Bergen*

Bopæl:

*Lyster  
f. h. Bergen*

Tilkjendegiving frå 1908, oppretta av Daniel Armauer Hansen, sonen til Gerhard Armauer Hansen.

dei skreiv at «Norge er ved denne lov omsider traadt ind i Rækken af de civiliserede Lande».<sup>14</sup> Lova representerte eit stort framsteg for rørsla, men likevel var det ikkje mykje praktisk nytte i den, så lenge Noreg ikkje hadde sitt eige krematorium. Foreininga i Bergen sendte inn ein søknad om løyvingar til oppføring av krematorium i 1902, som ikkje skulle bli behandla før slutten av 1904. I formannskapet vart søknaden forkasta med 10 mot 8 stemmer, men saka vart teke opp i kommunestyret ein månad seinare. Her tala både ordføraren og Klaus Hanssen for saka, og kommunen innvilga 10 500 kroner til oppføring av krematorium med



35 mot 31 stemmer. Krematoriet stod klart på Møllendal i mars 1907, teikna av arkitekt og formann Schak Bull. Etter ei prøvebrenning var stefaren til Jørgen Brunchorst, Gerhard Stoltz II, den første som vart kremert i Bergen. Same år skulle også verdskjente Edvard Grieg bli kremert, noko som må ha spelt ei stor rolle for likbrenningssaka. Krematoriet i Bergen var unikt, ettersom både oppføringa og drifta var kommunal. Kommunen hadde støtta oppføring av krematorium elles i Skandinavia, men drifta var privat i lang tid. For bergensarar vart kremasjon gratis, i motsetning til elles i Skandinavia, der prisane varierte frå 40 til 135 kroner.

#### «I sokkelen under hans Byste i Museets Aula»

Norsk kremasjonshistorie er eit tema som kanskje få har eit forhold til, men mange har eit forhold til kremasjon. I dag vel ca. 46 % kremasjon, og det er foreiningane som arbeida for innføring av «ligbrænding» si forteneste at vi i dag kan velje fritt mellom desse metodane. Bergen fekk det første krematorium i Noreg, noko som Bergens Ligbrændingsforening jobba hardt for. Det er vanskeleg å trekke bastante konklusjonar om kven denne foreininga bestod av, på grunn av mangel på arkivmateriale. Men vi ser at det faglege miljøet ved Bergens Museum er sterkt representert i dei få dokumenta som er bevart. Sidan det er svært lite fysisk dokumentasjon igjen etter foreininga, er det viktig at historia vert anerkjent, hugsa, og tatt vare på. Denne artikkelen gir eit kort overblikk over saka generelt, og over det viktige arbeidet som vart gjort her i byen og på museet. Det er i stor grad D.C. Danielssen sin forteneste at museet er som er i dag, i tillegg var han ein sentral pådrivar for likbrenningssaka. At ein så viktig og høgt anerkjent person i samfunnet var for innføring av kremasjon, må ha hatt mykje å seie for saka sitt omdøme. Han vart sendt ut av landet for å få kroppen sin brent, og då Danielssen si urne kom tilbake, vart den plassert under bysta hans i vestibylen på museet, der den fekk stå fram til museet vart renovert. På same måten står urna til Armauer Hansen i sokkelen i bysta hans i muséhagen. Mykje av kremasjonshistoria har funne stad inne i museet, samtaler, generalforsamlingar og osknedsetting. Kremasjonshistoria ligg difor både i veggane, og bokstavelig talt i golvet til museet. I dag vert fleire alternative metodar til kistegravlegging og kremasjon diskutert. Dette viser kvifor denne historia er relevant for oss i dag: Menneske vil alltid trenge å ta stilling til korleis vi skal handtere dei døde.



Daniel Cornelius Danielssen vart sendt til Göteborg for å bli kremert, før det vart lovleg i Noreg. Oska ligger no i vestibyla på museet.  
Foto: Marie Moe Myklebust



Marmorplate over oska til Danielssen, der bysta stod før.  
Foto: Marie Moe Myklebust

#### NOTER

1. Thomas W. Laqueur, *The work of the dead: A Cultural history of mortal remains* (Princeton, New Jersey: Princeton University Press, 2015), 491.
2. Inger Marie Ruud, Den som dør, får se: gravskikker og forestillinger om døden i noen religioner og kulturer (Oslo: Universitetsbiblioteket, 2006), 66
3. Sigurd Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening - og den moderne kremasjonsbevegelsens suksess» Årbok: Gamle Bergen (2006), 66
4. Bergens Tidende, 2.april. 1881
5. Ligbrænding contra Begravelse af S.B. Bergens Aftenblad, 25.oktober 1899
6. Bergens Annonce Tidende, 5. januar 1888
7. Ligbrænding (Meddelt). Bergens Aftenblad, 23. juni 1894
8. Ligbrænding i Bergen. Bergens Aftenblad, 20. juni 1890.
9. Naturen. Et illustreret Maanedsskrift for populær Naturvidenskab vol. 15 (s. 33–64) 1891 og Naturen. Et illustreret Maanedsskrift for populær Naturvidenskab vol. 16 (s. 161–224) 1892 henta frå Marcus.uib.no
10. Innbydelse – til en Dannelse af en Ligbrændingforening. Bergens Aftenblad, 16. januar 1892
11. Bergens ligbrændingsforenings Aarsberetning. Bergens Annonce Tidende. 20. juli 1893
12. Tilkjendegivelser om kremasjon (1893–1914), Bergens Likbrændingsforening. Bergen Byarkiv: BBA/A3062/F
13. Bergens ligbrændingsforening. Bergens Aftenblad, 30. mars 1895.
14. Fra Norsk Ligbrændingsforening. Bergens Aftenblad, 2. november 1898

Artikkelen er basert på masteroppgåva «'Eit brennande spørsmål' – Bergens Ligbrændingsforening og innføring av likbrænding 1874–1907» av Marie Moe Myklebust

#### FORFATTER

Marie Moe Myklebust,  
[Marie.Myklebust@uib.no](mailto:Marie.Myklebust@uib.no)